

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 26.11.2003 **Tid:** 14.30-16.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7, inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Thomas Moss

I staden møtte:

Vidar R. Rolland

Andre som var tilstade på møtet: Ass.adm.sjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 28. november 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Det er ikkje kome merknader til protokollen frå førre møte.

UTVALET SITT KVARTER:

Magda Haugen stilte spørsmål om det er mogleg å påvirke fylket til å oppretthalde tannlegetilbodet i Samnanger. Den som har stillinga har svangerskapspermisjon og det er ikkje tilsett vikar i permisjonstida. Det er viktig for innbyggjarane i Samnanger å ha eit tilbod i kommunen i denne tida og seinare.

Ass.adm.sjef tek kontakt med ordførar og bringar kommunen sitt syn på den saka fram ovanfor fylkestannlegen.

Audhild Olsnes stilte spørsmål om det var inngått avtale med Svein Egil Kvale om skrivning av ættesoge.

Ass.adm.sjef orienterte om at kulturkonsulenten arbeidde med saka og at det var lagt inn forslag om midlar til dette arbeidet i budsjettet for 2004.

Nils Gåsdaal spurte om kor tid saka om utflytting av funksjonshemma kjem opp til handsaming.

Ass.adm.sjef vil avklare dette i morgon den 27.11.03, i kommunestyremøtet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

1. Ass.adm.sjef orienterte kort om vedtektene for Oppvekst og omsorgsutvalet. Utvalet får dei utsendt så snart som dei ligg føre. Viser elles til delegasjonsreglementet for ansvarsområda til utvalet.

2. Utvalet gjorde framlegg om følgjande val av kommunerepresentant til desse samarbeidsutvala (SU) :

Gjerde skule og barnehage SU:

Medlem: Magda Haugen

Medlem: Nils Gåsdaal

Varamedlem: Vidar Rolland

Nordbygda skule og barnehage SU:

Medlem: Geir Markus

Medlem: Audhild Olsnes

Varamedlem: Liv Berit Khadoor

Samnanger ungd.skule SU:

Medlem: Thomas Moss

Varamedlem: Hjørdis Tysse

3. Val av kommunal representant frå Oppvekst og omsorg til arbeidsgruppa:

Vurdering av skule og barnehagestruktur: medlem - Magda Haugen

4. Val av medlem til interkommunale styret for Psykologisk Pedagogisk Teneste (PPT)

Medlem: leiar i Oppvekst og omsorg Liv Berit Khadoor.

Varamedlem: nestleiar i Oppvekst og omsorg Magda Haugen

5. Ass.adm.sjef orienterte om at Stolpane skulehus vert lagt fram som ny sak direkte til kommunestyret den 11.12.03. Svein Aadland har i brev til kommunen denne veka grunngjeve at grendalaget slik saka har utvikla seg ikkje ønskjer å ta på seg oppgåve med flytte og restaurere huset.

6. Ass.adm.sjef orienterte kort om at det er sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som skal utarbeide ein plan for kulturtiltak i skule og barnehage. Den skal vere grunnlaget for å søkje midlar på fylket til den Kulturelle skulesekken.

7. Utvalet slutta seg til å ha oppvekst og omsorgsmøta på tysdagar og startar hovudsakleg kl. 15.00.

8. Ass.adm.sjef orienterte og oppmoda utvalet om å delta på møtet:” førebygging av mobbing”, i kveld på Gjerde skule kl. 18.00.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

| Utvalgssakstype/nr. | Arkivsaksnr. Tittel |
|----------------------------|--|
| 0029/03 | 03/00445 WIDERØE - NEGATIVA. FOTOKOPIERING. |
| 0030/03 | 02/00050 SKJENKELØYVE FOR ØL, VIN OG BRENNEVIN OG FOR UTESERVERING. OPPFYLJING AV KONTROLL |

0029/03

WIDERØE - NEGATIVA. FOTOKOPIERING.

Framlegg til vedtak::

Samnanger historielag får eit tilskot på kr 3.000 til scanning av Widerøe-fotografia av Samnanger. Tilskotet vert gjeve frå post 1.1500.3650.4701: Tilskot til lag og foreningar

Handsaming i møte:

Nils Gåsdal sette fram følgjande framlegg: ”Historielaget får eit tilskot på kr. 3.000,-. Tilskotet vert gjeve frå post 1.1500.3650.4701.

For å bevare bileta for ettertida må det innhentast fleire tilbod frå fotografar. Etter dette må saka komma opp igjen i eit utvalsmøte den 11.12.03.”

Det vart røysta alternativt over framlegget til administrasjonssjefen og Gåsdal sitt framlegg. Gåsdal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Historielaget får eit tilskot på kr. 3.000,-. Tilskotet vert gjeve frå post 1.1500.3650.4701.

For å bevare bileta for ettertida må det innhentast fleire tilbod frå fotografar. Etter dette må saka komma opp igjen i eit utvalsmøte den 11.12.03.

0030/03

SKJENKELØYVE FOR ØL, VIN OG BRENNEVIN OG FOR UTESERVERING. OPPFYLGJING AV KONTROLL

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommunen finn ikkje grunn for å føreta ytterlegare reaksjonar på Bjørkeheim Gjestetun sine brot i høve til skjenking i lukka lag 27.09.03. Grunnlaget for vedtaket er at Bjørkheim Gjestetun har skriftleg gjort greia for kva tiltak dei har sett i verk for å hindra at liknande situasjonar oppstår i framtida. Dei skisserte tiltaka er i tråd med råd frå skjenkekontrollen.

Handsaming i møte:

Vidar Rolland stilte spørsmål om han var ugild i saka. Han gjekk i frå og utvalet vurderte spørsmålet. Eit samrøystes utval slutta seg til at Rolland er gild i saka.

Magda Haugen sette fram følgjande tillegg til tilrådinga:

”pkt. 2. Utvalet viser til skjenkekontrollen sin rapport og ber at Bjørkheim Gjestetun rettar opp dei brot som er peika på i kontrollrapporten.”

Det vart røysta punktvis, der administrasjonssjefen si tilråding er punkt 1.

Begge punkta vart samrøystes vedteke..

Vedtak:

Pkt 1. Samnanger kommunen finn ikkje grunn for å føreta ytterlegare reaksjonar på Bjørkeheim Gjestetun sine brot i høve til skjenking i lukka lag 27.09.03. Grunnlaget for vedtaket er at Bjørkheim Gjestetun har skriftleg gjort greia for kva tiltak dei har sett i verk for å hindra at liknande situasjonar oppstår i framtida. Dei skisserte tiltaka er i tråd med råd frå skjenkekontrollen.

Pkt. 2. Utvalet viser og til skjenkekontrollen sin rapport og ber at Bjørkheim Gjestetun rettar opp dei brot som er peika på i kontrollrapporten.